




Nikolai Borgen Hermansen blir døpt.

I dag har barna i høgste grad vore i fokus i kyrkja, der det var familiegudsteneste ved den nye soknepresten, Kristian Due. Dette var den første ordinære gudstenesta han hadde etter at han vart innsett tidlegare i haust.



[Sokneprest Kristian Due fortel om Noah og Arken](#)

Det opna med at dåpsfamiliane kom inn i kyrkja i kors-prosesjon med dei 3 dåpsbarna, som var Mathias Håvik Tungesvik, Nikolai Borgen Hermansen og Jenny Mathilda Simensen Haugland.

Etter dåpen gjenfortalde presten på ein levande måte dagens tema, som handla om Noah og Arken. Han streka under nærleiken til Gud gjennom mannen.

Eit sentralt og tradisjonelt innslag var utdeling ved presten av kyrkjebøker til fireåringane Filip Sjo Musland, Ingrid Klyve og Sigrid Myklebust Lekva. Ettersom "kullet" omfattar 9 eller 10 var det grunn til å beklaga at ikkje fleire var til stades.

Til slutt leia Nelly Kjærland barnesang og orienterte om og anbefalte barnearbeidet i bedehuset: Sundagsskulen, småbarnstreffet og Røystene.

Naturleg nok gjekk takkofferet nettopp til sundagsskulen denne gongen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





3 fireåringar får kyrkjebøker